

# ALPHAKURS

- ei innføring i kristen tru

**Alpha kurs høver svært godt for alle som ønskjer å vite meir om kristen tru, eller for dei som er heilt nye i trua på Jesus Kristus.**

Oppstart:

Onsdag 18. november 2020  
fem onsdagar før jul 1900-2130

-og frå 06. januar 2021 og fem onsdagar framover

Alpha kurs vart først utvikla i Den anglikanske kyrkja og har vist seg å fungere svært godt for alle som kjenner seg litt i "utkanten" av kyrkja og trua, men som likevel er litt nysgjerrig? Tru er interessant, men dog på litt avstand? ☺ Eller "kjenner meg slett ikkje i "utkanten", men vil likevel vite litt meir?"

**Dette kurset høver svært godt for alle som ønskjer å vite meir om kristen tru, eller for dei som er heilt nye i trua på Jesus Kristus.**

Kurset har vore prøvd og meir enn 160 land og over 16 millionar menneske har delteke på Alpha.

## Kven?

Gaular sokneråd inviterer til Alpha-kurs i Gaular.

Førelasar: Sokneprest Frode Skeide  
Det blir gruppesamtalar med gruppeleiar

## Kvar?

Kyrkjelydshuset på Sande

## Kvifor?

Vi vil snakke om nokre av livets mange og største kvifor?

Kvifor eksisterer vi? Er det ei meining med alt? Kan livet vere noko meir enn dette?

Kven var Jesus eigentleg?

Korleis kan me vite at Jesus ikkje var ein bedragar? Har han i det heile levd? Kan me stole på det som står i Bibelen? Kva veit me eigentleg og kva svarar seriøse forskarar på dette?

- Og kva med andre religionar?? Er religion ein ressurs eller eit problem??

Det er slett ikkje sikkert du får alle svar på dei store spørsmåla i livet gjennom eit Alpha kurs. Men det er utruleg kjekt å kunne tenkje saman med andre om dette på ein uformell måte utan at ein heilt har fasiten!



***”Men kva med oss konfirmantforeldre? Har du ikkje eit opplegg for oss?”***

Det spørsmålet fekk eg ein gong frå far til ein av konfirmantane. Det førte til tre samtalegrupper for føresette – og då dei vart avslutta spurte same far: ”Kan eg bli med neste år også??”

Typisk kurskveld ser slik ut:

|      |                       |
|------|-----------------------|
| 1900 | Kveldsmaten står klar |
| 1930 | Vel møtt!             |
| 1940 | Me syng oss saman     |
| 2000 | Undervisning          |
| 2045 | Kaffi                 |
| 2100 | Smågrupper            |
| 2130 | Avslutning            |

Sjå også [www.sunnfjordkyrkja.no/gaular](http://www.sunnfjordkyrkja.no/gaular) eller ein kan spørje soknepresten direkte (95100916/kontoret)

**Pris:** Soknerådet vil gjerne gi kursavgift og materiell gratis.

Kurskvelden startar med kveldsmat og ein betalar litt (50 pr. gong) for å dekke kostnader til maten.

Festmiddagen til slutt vil koste 200 kroner.

**Påmelding til:**

Kyrkjekontoret 95100916 eller

[frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no](mailto:frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no)

Hugs namn, adresse og telefonnummer.